

**Tautrekkjing på grusbana!**

16.05.2013

**17.maikomiteen jobbar under høgtrykk til siste stund og i kveld klokka 20 lanserte dei ein ny programpost:**

**Tautrekkjing på grusbana klokka 15!**

**2 lag vart samstundes utfordra til å stilla opp, men kven det er vert ikkje kunngjort i kveld. Det er også fritt fram for andre til å stilla opp.**

Truleg har det vore tevlingar i denne gamle og edle sport tidlegare på Grunnlovsdagen her i bygda (??) men ein god tradisjon bør definitivt ikkje gløymast.

Frå før har vi tevlinga HOPP I HAVET  
No kan vi få BEST PÅ GRUSEN!

Av Ola Matti Mathisen